



Mykje fint på Gro`s Blomster.

Den siste innspurten i julerushet er over oss. Dei fleste ser ut til å ha fått med seg at Spar har ope både imorgon, søndag, og på julaftan. Derimot har vi fått fleire spørsmål om korleis det er med opningstidene på Gro`s Blomster. Vi kan beroliga alle med at også denne butikken har ope både søndag og på julaftan.

Gro Hjelmeland kan fortelja at det er ope søndag frå kl. 14 til 18, og julaftan mellom kl. 9 og 12. Ho kan og fortelja at ho har hatt ekstra bemanning, og at dei dermed har fått laga opp mykje fint både til å pynta opp i heimen med, og til graver. Så det er framleis mykje å velja i.

Av: Thor I. Døssland